

Arkivnr: 2018/108-9  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		04.12.2018

**Fordeling av renter og inndregne midlar - spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2018**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 19.6.2018 i sak knytt til fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, følgjande:

Inndregne midlar og rentemidlar – totalt kr 2 683 000,- vert tildelt på hausten til eventuelle klagesaker eller til anlegg som har fått uventa kostnadar etter at tildeling har skjedd. Anlegga kan ikkje få meir enn rammebeløp for anleggstype. Om Hordaland fylkeskommune ikkje får klager som skal imøtekommast eller anlegg med uventa kostnadar etter ordinær tildeling vert beløpet tildelt med 50% til anlegg 50713 Austevoll symjeanlegg konkurransebasseng og anlegg 54292 Nye Bremnes ungdomsskule symjebasseng, for å redusere storleik på gjentekne søknadar i 2019.

Fylkesrådmannen fekk inn ein klage frå Bergen Rideklubb som vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 12.9.2018. Kulturdepartementet fekk sendt over klagen for endeleg avgjerd etter at Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld sitt vedtak om ikkje å godkjenne søknad om spelemidlar frå Bergen Rideklubb. Kulturdepartementet tok ikkje klagen til følge og endrar ikkje KIRU sitt vedtak. Brev frå Kulturdepartementet, datert 12. oktober 2018, er vedlagt.

Hordaland fylkeskommune har motteke ein søknad om ekstra tildeling utover tildelte spelemidlar frå 2015. Store Starefoss Velforening fekk i 2015 tildelt kr 300 000,- til ballbane og kr 257 000,- til basketballbane. Dei har fått store uventa utfordringar med grunnarbeida og søker difor om ekstra tilskot på kr 700 000,-. Ei velforening kan berre søke om spelemidlar til nærmiljøanlegg og ikkje til ordinære anlegg. Maximal tildeling til eit nærmiljøanlegg er kr 300 000,-.

**Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler renter og inndregne spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2018, totalt kr 2 683 000,-, til følgende anlegg:

<b>Kommune</b>	<b>Anleggsnummer</b>	<b>Søkar</b>	<b>Anleggsnamn</b>	<b>Tildeling</b>
Bergen	20744	Store Starefoss Velforening	Starefossen nærmiljøanlegg basketballbane	43 000
Austevoll	50711	Austevoll kommune	Austevoll symjeanlegg konkurransebasseng	1 320 000
Bømlo	54292	Bømlo kommune	Nye Bremnes ungdomsskule symjebasseng	1 320 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*